

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

TYSDAG 21.11.2017 KL. 14.15 – 16.00

Til stades: Jens Eike Schnall (leiar), Gjert Kristoffersen, Synne Ytre Arne, Juliane Tiemann (for Sunniva P. Johansen), Erik Bjerck-Hagen og Gunnstein Akselberg.

Fråfall: Henning Laugerud og Christine Hamm

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.
 - II. Framlegging av referat frå møtet 26.9.2017
Det var ingen kommentarar til referatet.
- 20. Føringer for forskargruppene og samlingane sine årsrapportar – diskusjonssak**
Saka vart drøfta, og det kom ikkje framlegg til vesentlege endringar i høve dei føringane som vart gjeve i 2016.
- 21. Handlingsplan for forskarutdanning ved LLE – diskusjonssak**
FFU hadde ei grundig drøfting av utkastet til handlingsplan for forskarutdanning. Det var semje om at arbeidsgruppa jobbar vidare med handlingsplanen, og at oppdatert utkast til plan vert lagt fram for FFU. Sentrale innspel som arbeidsgruppa m.a. må ta omsyn til i det vidare arbeidet med handlingsplanen; sikra at det er samsvar mellom sentrale tiltak i handlingsplanen og dei tilhøva FFU har meint det er viktig å ta opp i planen (jamfør møte 28. mars), justera formuleringar kring ph.d.-kandidatane si tilknytning til forskargrupper, skilja tydelegare mellom generelle ønskjer og konkrete tiltak og justera avsnittet *Forsking og publisering*, samt skriva om innleiinga.
- 22. Orienteringssaker:**
- a) **Status for arbeidet med vurdering av søkjarar til 4 stipendiatstillingar**
Komitéleiar Gjert Kristoffersen informerte om at komiteen har rangert 7 søkjarar.
Intervju med søkjarane vert gjennomført i veke 49.
 - b) **Open access – Orientering frå [Universitetsbiblioteket sitt seminar 26. oktober om open tilgang til forskning.](#)**
I møtet vart det vist til den fylldige orienteringa i sakspapira.
 - c) **[Frihumsam 2018](#) er lyst ut: Søknadsfrist 25. april.**

Instituttet sin oppfølgingsprosess av søkjarane til Frihumsam våren 2017 vart peikt på som særst positiv, og FFU oppmodar instituttet om å gjennomføra ein liknande prosess for søkjarar til Frihumsam 2018.

**d) Orientering om aktiviteten i dei lokale forskarskulane
Orientering v/Erik Bjerck-Hagen og Gunnstein Akselberg**

Saka vart utsett til neste møte.

e) Orientering om status for arbeidet med handlingsplan for forskning.

Eike orienterte kort om at handlingsplan for forskning er under utarbeiding.

f) Orientering om tilsetting i postdoktorstillingar

Eike informerte kort om at Åse Johnsen (IF) er setteinstituttleiar i denne saka p.g.a. at instituttleiar ved LLE er inhabil. Eike skal sjølv administrera arbeidet i vurderingskomiteen.

g) Orientering om arbeidet i mellomalderklynga

Saka vart utsett til neste møte.

23 Ymse

27.11.2017

Anne Berit Apold, skrivar